



Lindås kommune  
Kvernhusmyrene 20  
5914 ISDALSTØ

Dato: 12.06.2015  
Vår ref.: 2014/24723-8  
Saksbehandlar: monsera  
Dykkar ref.:14/6391 – 14/28122

## **Fråsegn etter arkeologisk registrering - Landbruksveg - Hopsdal - gnr 192 bnr 4 - Lindås kommune**

Viser til brev datert 17.12.2014 med ovanfor nemnde sak til uttale. I brev av 26.02.2015 varsla Hordaland fylkeskommune ei arkeologisk registrering.

Den arkeologiske registreringa vart utført 10.-11.06.2015. Det vart ikkje påvist automatisk freda kulturminne i tiltaksområdet. Rapport frå den arkeologiske registreringa vert ettersendt tiltakshavar.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar blir avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og alt arbeid stansast til rette forvaltningstyresmakt har vurdert funnet.

Hordaland fylkeskommune har ingen vidare merknader i saka i samband med kulturminne.

Per Morten Ekerhovd  
fylkeskonservator

Monika Cecylia Serafinska  
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*